



Verksemder etter liste

Melding til Fylkesmannen om verksemd som driv mekanisk overflatebehandling og vedlikehald av metallkonstruksjonar, inkludert skipsverft jf. forureiningsforskrifta kap. 29.

Frå 1. januar 2010 blei fleire industribransjar regulert etter eigne kapittel i forureiningsforskrifta. Miljøverndepartementet har vedteke forskriftsreguleringa, og dei nye forskriftene vil erstatte mange konsesjonar gjeve av forureiningsstyresmaktene. Mange av verksemdene som ikkje har vore regulert gjennom løyve blir og omfatta av forskriftene.

Forureiningsforskrifta kap. 29 gjeld for små og mellomstore verksemder som driv med mekanisk overflatebehandling og vedlikehald av metallkonstruksjonar, inkludert skipsverft med faste installasjonar. Med mekanisk overflatebehandling meinast mellom anna høgtrykksspyling, blåsereinsing, metallisering og sprøytemaling/lakking. Meir om verkeområde for forureiningsforskrifta kap. 29 finn ein i sjølve forskrifta som er tilgjengelig via www.fylkesmannen.no/ffkap29.

Fylkesmannen har funne at dykkar verksemd kan kome inn under verkeområdet til forskrifta, og de mottar derfor dette brevet. For å ha oversikt over bransjen og sikre lik behandling av verksemder ønskjer vi fleire opplysningar frå dykk.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ber difor om at de fyller ut meldingsskjema (vedlagt), og sender til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde, **innan 15.09.2014**. Dersom de er i tvil om verksemda dykkar fell inn under forskrifta, ber vi likevel om at meldingsskjemaet blir sendt til Fylkesmannen for vidare vurdering.

Ein elektronisk versjon av meldingsskjemaet ligg på Fylkesmannens heimeside og kan sendast til: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no. Elektronisk meldeskjema, rettleiing til forskrifta og anna relevant informasjon finn ein på www.fylkesmannen.no/ffkap29.

Dersom de har spørsmål knytt til brevet, ta kontakt med undertegnende saksbehandlar.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Magnus Tornes

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg:

1 Meldingsskjema til kap 29